



Verneområdestyret  
Setesdal Vesthei,  
Ryfylkeheiane og  
Frafjordheiane

# Møteprotokoll

**Utvalg:** AU i verneområdestyret for SVR

**Møtested:** , Teamsmøte

**Dato:** 04.04.2025

**Tidspunkt:** 08:00 - 09:00

## Følgende faste medlemmer møtte:

Navn	Funksjon	Representerer
Jonny Liland	Leder	
Anita Husøy Riskedal	Nestleder	
Margit Dale	Medlem	
Inger Lise Lund Stulien	Medlem	
Hans Blattmann	Medlem	

## Følgende medlemmer hadde meldt forfall:

Navn	Funksjon	Representerer
Mads Drange	MEDL	

## Følgende varamedlemmer møtte:

Navn	Møtte for	Representerer
Janne Nystøl		

## Merknader:

Det kan førast 1 time møtegodtgjersle for deltaking i møte og 0.5 time for førebuiing.

## Øvrige frammøtte:

Navn
Ida Christine Apalnes
Jørn Trygve Haug
Alf Odden

## Underskrift:

Vi bekrefter med underskriftene våre at det som er ført på de sidene vi har signert i møteboka, er i samsvar med det som ble vedtatt på møtet.

Jonny Liland

Margit Dale

## Saksliste

Utvalgs-saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv-saksnr
AU 24/25	Godkjenning av innkalling og saksliste		
AU 25/25	Val av en representant til å skrive under møteprotokollen saman med styreleiar		
AU 26/25	Referatsaker		
AU 27/25	Orienteringssaker		
AU 28/25	Saksframlegg - motorferdsel i SVR - bruk av følgebil på Brokke-Suleskardvegen før åpning		2025/1705
AU 29/25	Søknad om dispensasjon til gravearbeid, motorferdsel og ferdsel for kjeldesporing og sanering av forureining ved Storevassdammen i Steinbuskardet-Hisdal biotopvernområde, gnr/bnr, 7/1, Bykle kommune - Statkraft Energi A/S		2024/8079
AU 30/25	Eventuelt		

### **AU 24/25 Godkjenning av innkalling og saksliste**

#### **Saksprotokoll i AU i verneområdestyret for SVR - 04.04.2025**

##### **Behandling**

##### **Vedtak**

Møteinnkalling og saksliste vart godkjent.

### **AU 25/25 Val av en representant til å skrive under møteprotokollen saman med styreleiar**

#### **Saksprotokoll i AU i verneområdestyret for SVR - 04.04.2025**

##### **Behandling**

##### **Vedtak**

Margit Dale vart vald til å skrive under møteprotokollen saman med styreleiar.

## **AU 26/25 Referatsaker**

### **Saksprotokoll i AU i verneområdestyret for SVR - 04.04.2025**

#### **Behandling**

Det var inga referatsakar i møte.

#### **Vedtak**

## **AU 27/25 Orienteringssaker**

### **Saksprotokoll i AU i verneområdestyret for SVR - 04.04.2025**

#### **Behandling**

Det var inga orienteringssakar i møte.

#### **Vedtak**

## **AU 28/25 Saksframlegg - motorferdsel i SVR - bruk av følgebil på Brokke-Suleskardvegen før åpning**

### **Saksprotokoll i AU i verneområdestyret for SVR - 04.04.2025**

#### **Behandling**

Verneområdeforvaltar sitt forslag til vedtak vart samrøystes vedtatt.

## **Vedtak**

Med hjemmel i Naturmangfoldloven § 48 får Arild Jacobsen løyve til å kjøre følgebil på Brokke-Suleskardvegen før den offisielle åpningen 21. mai. Løyvet gjelder for inntil to personbiler med henger. Løyvet gjelder i forbindelse med arrangert sykkelturn.

Vilkår:

- Kjøringen skal skje etter 12. mai og så nærme 21. mai som mulig
- Om føreren under transporten observerer villrein innenfor en avstand på 400 meter fra vegen, skal transporten utsettes slik at villreinen ikke blir uroet.

Som begrunnelse legges det vekt på at det gjelder et fåtall kjøretøy og i en periode store deler av vegen allerede er brøytet opp. Normalt har villreinen trukket over vegen på denne tiden av året. Bilene er en del av sikkerheten til arrangert tur for håndsykkelister, og arrangementet vil foregå på vegen og vil sådan ikke generere ferdsel innover i heia.

## **AU 29/25 Søknad om dispensasjon til gravearbeid, motorferdsel og ferdsel for kjeldesporing og sanering av forureining ved Storevassdammen i Steinbuskardet-Hisdal biotopvernområde, gnr/bnr, 7/1, Bykle kommune - Statkraft Energi A/S**

### **Saksprotokoll i AU i verneområdestyret for SVR - 04.04.2025**

#### **Behandling**

Sakshandsamar i saka skal være verneområdeforvaltar Alf Odden.

Verneområdeforvaltar sitt forslag til vedtak vart samrøystes vedtatt.

## **Vedtak**

Statkraft Energi A/S får dispensasjon til gravearbeid, motorferdsel og ferdsel på den gamle tippen rett under Storevassdammen i Steinbuskardet-Hisdal biotopvernområde, slik det er vist på kartet i vedtaket.

Dispensasjonen omfattar nødvendig graving for å lokalisere og fjerne ein gamal drivstofftank som lekker ut i vassdraget nedstrøms tippen. Dispensasjonen omfattar og graving av nye avskjerande grøfter i den

sørlege delen av tippet og utbetring av eksisterande dreneringsgrøfter nord på tippet. Dispensasjonen omfattar og tilføring av eventuelle filtermassar og fjerning av forureina massar.

Det blir og gitt dispensasjon til nødvendig motorferdsel med anleggsmaskiner på tippet og nødvendig ferdsl til fots i samband med anleggsarbeida. Det blir og gitt dispensasjon til oppsetting av 4-6 skilt som opplyser om vatnet i område ikkje må brukast. Dispensasjonen omfattar og oppsetting av eit om lag 400 m langt gjerde rundt tjørna rett sør for tippet dersom dette blir vurdert som nødvendig.


Dispensasjonen gjeld for ein samanhengande periode på inntil 6 veker innan tidsrommet 15.08-15.10.2025. Om det oppstår stans i anleggsarbeida på grunn av villrein i området eller funn av fleire ureiningskjelder enn antatt, får verneområdeforvaltar delegert mynde til å eventuelt utvide rammene for dispensasjonen.

Vedtaket er fatta etter kap. IV, punkt 2.4, i Føreskrift om vern av Steinbuskardet-Hisdal biotopvernområde, og § 48 i naturmangfaldlova.

Det er ein føresetnad for dispensasjonen at Statsforvalteren i Agder gir løyve til tiltaka etter forureiningslova.

Dispensasjonen blir gitt med desse vilkåra:

- Om det blir observert villrein mindre enn 400m frå anleggsområde må arbeidet avventast til faren for forstyrning er forbi
- Om det blir observert villrein som trekker inn mot anleggsområde må arbeidet avventast til dyra har trekt bort frå område
- Alle grøfter og groper skal fyllast att og dekkast med jord og torv frå staden og eventuelle overskotsmassar skal fraktast ut av verneområde
- Plassering og utforming av eventuelle skilt og gjerde skal avklarast med SVR v/verneområdeforvaltar Alf Odden
- Det skal gjennomførast ei sluttsynfaring når gravearbeida er avslutta



*Kart som viser avgrensinga av tiltaksområde under Storevassdammen. Grått felt viser eksisterande tipp. Raudt punkt viser område for fjerning av drivstofftank. Blå strekar viser eksisterande dreneringsgrøfter. Grøne strekar viser nye avskjerande grøfter.*

Vedtaket er grunngeve med at det framleis lekk det som truleg er diesel frå en gamal tank som er grove ned i tippen. Dette er ein lekkasje som spreiar seg nedover i vassdraget og ein veit ikkje kor lenge lekkasjen vil halde fram. Det er derfor viktig at kjelda til forureininga blir fjerna og vidare spreiring til grunn og vatn blir stoppa.

Omfattande anleggsarbeid i eit særleg sårbart trekkområde for villreinen er svært uheldig sjølv om forstyrninga er forbigåande. AU i verneområdestyret for SVR legg derfor til grunn at Statkraft slutfører anleggsarbeida i 2025, og arbeidsinnsatsen blir så konsentrert at alt arbeidet kan gjennomførast innanfor tidsrammene i dispensasjonen.

AU i verneområdestyret for SVR legg og til grunn at handteringa av forureiningskjelda og forureina massar skjer innafor rammene gitt i løyve etter forureiningslova frå Statsforvalteren i Agder.

## **AU 30/25 Eventuelt**

### **Saksprotokoll i AU i verneområdestyret for SVR - 04.04.2025**

#### **Behandling**

Verneområdeforvaltar Jørn Haug orienterte kort om ei sak der vedtak om retting ikkje var fulgt opp av tiltakshavar, og bad om fullmakt til å sende ut varsel om tvangsmult.

#### **Vedtak**

Varsel om tvangsmult kan sendast ut administrativt.